



Espen Haugen
Littlebergen 23
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8421 - 21/79481

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
30.11.2021

Varsel om synfaring gbnr 326/6 Sundet

Byggjestad: Gbnr: 326/6
Tiltakshavar: Espen Haugen

Kommunen varslar at vi vil synfare eigendom gbnr. 326/6, Littlebergen 27.

Synfaringa vil bli gjennomført torsdag 02.12.2021, klokka 13.

Kvifor vil kommunen synfare eigedomen?

Synfaringa gjennomførast på bakgrunn av ei melding om mogleg ulovleg tilhøve kommunen mottok **29.09.2021**.

Vi ba deg sende inn ei utgreiing om forholdet i eit brev datert **01.10.2021**. Vi mottok denne **09.11.2021**.

Kommunen ser det som naudsynt å gjennomføre synfaring for å avklare om tilhøvet er ulovleg eller ikkje.

Kva skjer under ein synfaring?

På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske forhold på eigedomen. Vi gjer oppmerksom på at det ikkje vil bli konkludert noko om saka under synfaringa.

Vi ønskjer tilgang til bygget under synfaringa og du må derfor vere til stades. Dersom tidspunktet ikkje passar ber vi dykk snarast ta kontakt med saksbehandlar slik at vi kan finne eit anna tidspunkt.

Regelverk for tilsyn og synfaring

Kommunen har plikt til å forfølge ulovlege forhold, jf. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunens rett til å synfare bygg og eigedommar er heimla i plan- og bygningslova § 31-7.

Har du spørsmål om synfaringa?

Dersom noko er uklart, eller du har ytterlegare spørsmål, kan du ta kontakt direkte med saksbehandlar på epost eller telefon 56171449.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Espen Haugen

Litlebergen 23

5919

FREKHAUG